# Kulturmidler - Tilskudd

Referansenummer: H4DQS5

Registrert dato: 15.03.2016 23:41:11

Vedlegg:

Budsjett 2016 Oster Brass.xlsx

Signert regnskap 2015 Oster Brass.pdf

Signert a°rsmøtereferat Oster Brass.pdf

A°RSMELDING 2016 Oster Brass.docx

## Innledning

Kommunen tildeler hvert år midler etter søknad fra enkeltpersoner og lokale lag/grupper/organisasjoner.

Søker er

- ○ Enkeltperson
- ⦿ Gruppe/lag/organisasjon

Velg kategori for prosjektet

- ☐ Kulturmidler driftstilskudd
- ☒ Kulturmidler investeringer
- ☐ Kulturmidler aktivitets- og prosjekttilskudd
- ☐ Ungdomsmidler

Prosjektets navn/arbeidstittel

Tilskot til investeringar Oster Brass

## Om søkeren

### Organisasjonen

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer<br>992392835 | |
| Navn<br>Oster Brass | Adresse<br>Litlevika 71 |
| Postnummer<br>5914 | Poststed<br>ISDALSTØ |
| Telefonnummer<br>40452611 | E-postadresse<br>bmtorsvik@gmail.com |
| Bankkontonummer<br>36325008355 | |
| Navn på leder<br>Thea Aske Haugen | |

### Kasserer

| | |
|---|---|
| Fornavn<br>Benedicte Midthaug | Etternavn<br>Torsvik |
| Telefonnummer<br>40452611 | E-postadresse<br>bmtorsvik@gmail.com |

## Beskrivelse av søker/prosjekt

Beskrivelse av søker/organisasjon

Oster Brass er eit brass band i 1.divisjon, som består av musikantar frå 15 til 55 år frå heile Nordhordland. I inneverande sesong har korpset 35 medlemmer. Korpset har det siste året engasjert fleire dirigentar, som skapar utvikling og når mål på ulike områder. Dei seinare åra har vi lukkast i å byggje opp ei stabil og jamn besetning. Samtidig har vi hatt eit uttalt mål om å vere eit springbrett for ungdom som ønskjer å spele på eit endå høgare nivå, og har sendt vidare musikantar til elitekorpsa Eikanger-Bjørsvik Musikklag, Manger Musikklag og Krohnengen Brass Band. Vi er opptatt av å gje unge musikantar utfordringar og moglegheiter, samt engasjere inspirerande dirigentar som skapar eit godt miljø for utvikling. Oster har over mange år hatt ei bevisst haldning til å skape lokal forankring og tilknyting til kulturlivet i Knarvikområdet. Mellom anna set vi stor pris på å ha nære band til Knarvik skulekorps. Om lag ein fjerdedel av medlemane våre speler også der, og fleire har bakgrunnen sin derifrå. Vi meiner at ein gjennom slike samarbeid kan skape vinn-vinn situasjonar, der partane kan vere ressursar for kvarandre. Tilknytinga til Knarvik har òg vorte sterkare ved at vi frå hausten 2004 har hatt øvingslokale i Musikkhuset - noko vi set stor pris på. Oster Brass blei stifta i 1981 og har 35-årsjubileum i 2016, noko vi vil feire i løpet av haustsesongen.

Beskrivelse av prosjektet/aktiviteten

- NYE UNIFORMAR: I samband med at Oster Brass i år fyller 35 år ønskjer vi å investere i nye uniformar med korpset sin logo på. Dei siste ti åra har korpset nytta enkle svarte antrekk, som i liten grad skil oss frå andre korps. Vi trur at ein endring til uniform som tydeleg viser kven vi er vil vere med å skape samhald, identitet og tilhøyrsle samstundes som den gir ein umiddelbar gjenkjenning av korpset. Ein skal vere stolt av å gå i Oster-uniform, og på sikt vil ein slik identitetsbygging kunne vere med å oppretthalde det musikalske nivået og bidra positivt til det sosiale miljøet. Jubileet vårt er eit passande høve til å satse endå meir på å byggje oppunder desse verdiane, og synleggjere kven vi er og kor vi kjem frå. Som korps gjer vi i løpet av eit år også ein del speleoppdrag utanfor kommunen, og vi håpar de ser det positive ein slik uniform kan bidra med for oss som representantar for kulturlivet i Lindås kommune. Med mange unge medlemmar kan ikkje vi forvente at utøvarane kan dekke ei slik utgift sjølve, og den ligg ikkje inne i driftsbudsjettet for 2016. Vi søkjer difor om midlar til å kunne gjere denne investeringa.

- DIGITALISERING AV NOTEARKIV: Korpset har gjennom mange år bygd opp eit stort og verdifullt notearkiv, og det er ein utfordring å lagre og halde orden på dette. Vi ønskjer å digitalisere arkivet, og få til et meir moderne arkivhold. For å kunne gjer dette må vi gjere innkjøp av datamaskin, arkivskap og mapper til lager. Arbeidet skal gjerast på dugnad og vil bli gjennomført når midlar er bygd opp. Dette må setjast av på sparekonto og er ikkje med i driftsbudsjett for 2016. I 2014 og 2015 blei det gjennomført oppdatering av arkivskap og mapper for arkivet og kjøp av scannar ved hjelp av dykkar tilskot og Oster Brass sitt dugnadsarbeid. Dette gav straks forbetring i kvardagen, sjølv om vi på grunn av brannen i Musikkhuset i Knarvik blei satt mange månader tilbake i tid i arbeidet. Vi ønskjer å fortsette dette prosjektet og håpar de vil vere med å støtte oss i år også.

| Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten | Sted for prosjektet/aktiviteten |
|---|---|
| 2016 | Knarvik |

Er aktiviteten tilrettelagt for funksjonshemmede?

○ Ja ⊙ Nei

## Budsjett

Oppgi alle beløp i hele tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

75000

| Spesifikasjon | Beløp |
|---|---|
| Datamaskin, printer og arkivmateriell | 15000 |
| Nye uniformar | 60000 |
| | Sum: 75 000,00 |

FINANSIERING

Søknadsbeløp for denne søknaden

75000

Søkes det tilskudd hos andre instanser

○ Ja ⊙ Nei

Andre inntekter utenom tilskudd

250000

| Spesifikasjon andre inntekter | Beløp |
|---|---|
| Kalendersalg/loddsalg | 55000 |
| Diverse som konsertinntekter | 10000 |
| Annonsestøtte konkurranser | 12000 |
| Dugnader | 73000 |
| Kontingent og egenandeler | 70000 |
| Bingomidler | 30000 |
| | Sum: 250 000,00 |

Sum finansiering

325000

## Medlemsmasse

Oppgi antall medlemmer i organisasjonen

Mellom 0 og 5 år

0

Mellom 6 og 12 år

0

Mellom 13 og 19 år

10

Over 20 år

25

Har organisasjonen medlemskontingent?

(•) Ja ( ) Nei

Barn/unge til og med 19 år

1800

Voksne fra 20 år

2000